

Med miljørørsla for EU?

Vi var mange som satt litt av kvart i vranghalsen i dag, da vi kunne lese i regjeringsorganet Klassekampen at Støre no har full støtte i miljørørsla i sin strid for å få gjennomført eit kvart direktiv og vink frå EU. No skal ein ikkje vente alt av ei avis som ikkje prioriterer å halde seg med ein einaste miljøjournalist, men eit visst minimum av redeligheit må ein kunne forvente.

MILJØRØRSLA i Noreg består at ei rekke organisasjonar, både lokale og landsomfattande, og INGEN kan uttale seg på vegne av denne samansette rørsla. Når avisa, som tydeligvis ser det som si oppgåve å forsvare statsministeren, klarer å finne to personar med høge posisjonar i miljøorganisasjonar som støttar Støre, så tolkar ein dette som støtte frå Miljørørsla. Det avisa har funne er ein ansatt generalsekretær i den norske avdelinga av WWF, ein organisasjon som aldri har vore demokratisk og aldri meint å vere det. Og ein eigenrådig leiar i Naturvernforbundet, som synest inspirert av Trump sine presidentordrar til å kunne uttale seg på vegne av organisasjonen i svært omstridde spørsmål som ikkje er organisasjonsmessig behandla. Desse uttalane er ikkje meir verdt enn at dei fortel kva dei to enkeltpersonane meiner. Det finst ingen grunnlag for å seie at miljørørsla ønsker innføring av EU-direktiv om energi.

Naturvernforbundet oppfordra i 1994 til å røyste nei til norsk medlemskap i EU. Det gjorde forbundet på grunnlag av ei analyse av kva EU står for i miljøpolitikken, bl.a. ved å fremme meir handel, meir konkurranse og meir forbruk, og med å sette felles standardar som avgrensar kva medlemslanda kan gjøre av miljøtiltak. Den analysa held den dag i dag. Det er ikkje mogleg å føre ein god miljøpolitikk innafor ramma av EU. Det er også svært vanskelig å gjøre det i EØS, det krev i alle fall ein aktiv bruk av retten til reservasjon mot direktiv.

Likevel har det skjedd store endringar sidan 1994. Annleislandet er langt på veg borte, Noreg har blitt meir og meir likt EU. Landet har vore styrt av ivrige EU-tilhengarar som ALDRI kan tillate seg noko opposisjon mot det som kjem frå EU (i motsetning til EU-landa, som ofte er i opposisjon mot nye direktiv). Dei skiftande regjeringane dei siste 30 åra har ført ein politikk som i forhold til miljøet er enno VERRE enn EU sin. Ingen EU-land kan finne på noko så vanvittig som å dumpe gruveavgang i sjø eller drive gruvedrift på havbotnen. Når EU innfører eit vassdirektiv for å prøve å rette opp litt av den katastrofale forureiningssituasjonen på kontinentet, blir dette sabotert av norske styresmakter, som ikkje vil ha hindringar på rasering av natur for profitt. Dermed kjem vi i den paradoksale situasjon at det i stor grad er EU-motstandarar som krev at EU sitt vassdirektiv skal følgast her heime, mens EU-tilhengarar i regjeringa saboterer det.

Nokre miljøvernarar tenker at EU har ein betre miljøpolitikk enn Noreg, og at vi like godt kan gå inn. Dette synet er særlig utbreidd i Miljøpartiet De Grønne. For snart 4 år sidan gikk eit sentralstyremedlem i MDG direkte over til leiarposisjonen i Naturvernforbundet. Det skjedde ikkje utan strid. Trass samrøystes innstilling av valkomiteen fikk han knappe 2/3 av røystene. Eit av stridsspørsmåla da var haldninga til vindkraft, som no kjem tilbake. EU si direktivpakke om energi må vurderast ut frå heilskapen i EU sin politikk. Den er å auke energiproduksjonen, særlig av svært arealkrevjande energi som vind- og solkraft. Den er å auke forbruket i eit Europa som allereie forbrukar alt for mye. Den er å presse gjennom meir miljøfiendtlig gruvedrift i rekordfart, fordi verda utanfor Vesten no er definert som fiendtlig. Den er å halde fram utbygtinga av tidligare koloniar gjennom leveringsavtalar på EU sine premiss.

For Noreg har tilknyttinga til EU sitt energibyrå ACER i lag med straumkablane til kontinentet allereie pressa straumprisane opp på vanvittige høgder. Den kraftintensive industrien vaklar, mens spekulantane lastar ned i skatteparadisa sine. Det er denne politikken Ap no vil styrke med støtte av EU-direktiv. Sjølv sagt står det ikkje slik rett ut i direktiva, men politikken må vurderast ut frå heilskapen og frå resultata.

Eg forventar at store delar av Naturvernforbundet sine 46000 medlemmar reagerer mot å bli tatt til inntekt for at fleire av EU sine energidirektiv blir innført i Noreg. Det er på tide at organisasjonen no seier eit klart og utvetydig nei til all vidare bygging av vindkraft på norsk jord og nei til det grunnfalske "grøne skiftet".

Svein Lund
medlem av Naturvernforbundet, Motvind og Nei til EU